



SKISKULE FOR BARN 6-10 ÅR (1. – 4. klasse)

På onsdagar i januar/februar 2020 vil Harpefossen Skiskule tilby skileik og slalåmtrening for nybyrjarar og vidarekomne barn i alderen 6-10 år. Det stillast ikkje krav til spesielt skiutstyr, men i skisenteret er det påbod om bruk av hjelm for alle barn. Vi har eit utval av ski til utleige i skiutleiga. Hjelm kan lånast gratis.

På grunn av snømangel i lavlandet er skiskulen utsett ei veke, og inntil vi får snø i lavlandet blir skiskulen flytta til Furehogane. Der vil vi nytte området opp til mast nr 2, som ikkje er brattare eller meir krevande enn skileikområdet nede på Harpefossen. **Det blir frammøte i Servicebygget på Furehogane onsdag 22. januar frå kl 12:00.**

Målsettinga med skiskulen er å gje barna skiglede ved å meistre grunnleggjande alpin skiteknikk i eit godt miljø, og ikkje minst å lære seg å bruke heisen på Furehogane og heisen i skileikområdet nede på Harpefossen. Vidare vil det øvast på portkøyring, hopp og "kuleløype". Sjølv om onsdagen ikkje er heilt skulefri så håpar vi at foreldre og barn likevel vil setje av tid til skiskulen. Vi startar opp klokka 13.00 og held på til ca kl 15.30, med ein pause i varmistova undervegs. Kiosken vil vere open med ein enkel meny, men det er sjølvsagt høve til å ta med mat og drikke. Møt fram i god tid, spesielt om du skal leige ski i skiutleiga nede på Harpefossen.

Transport til og frå Harpefossen må foreldra organisere. Vi vil være tilstade i området frem til kl. 16.00, slik at henting kan skje frem til da, men vil sjølvsagt vere tilstades til alle er blitt henta. Vi ønskjer også dei av foreldra som kan være tilstade på skiskulen hjertelig velkomne, spesielt dei foreldra som har barn som er nybegynnarar.

Kursdagar:

Onsdag	22.01.2020	Registrering i varmistova på Furehogane frå kl. 12.00. Mål – klare å bruke heisen på Furehogane (nybyrjarar) – plogsving, svingteknikk og portkøyring (vidarekomne).
Onsdag	29.01.2020	Mål – stå på ski ned bakken på eiga hand (nybegynnarar), svingteknikk og løypekøyring (vidarekomne)
Onsdag	05.02.2020	Mål – meistre plogsving (nybegynnarar) løypekøyring, kular og hopp
Onsdag	12.02.2020	Mål – boltre seg i bakken, med kular, hopp og løyper
Onsdag	26.02.2020	Mål – avsluttande skiskule, løypekøyning – grilling i bakken

For å vere førebudd på antalet deltakarar vil vi gjerne ha påmelding på førehand til:
Harpefossen Skiskule, tlf 41 33 57 86 (Jarle) e-post: post@harpefossen.no

Skulepengar kr. 850,- (inkl. heis og grillmat siste skuledag) betalast kontant ved registrering eller på nettbank til konto nr 3705 10 65426 (merk innbetalinga med namn på skiskuledeltakar).

Med vennlig helsing
Harpefossen Skiskule

Registreringsskjema **må** fyllast ut på førehand og leverast i Servicebygget på Furehogane ved frammøte.

Navn på deltakar: _____ Alder: _____

Adresse: _____ Telefon føresette: _____

Navn mamma/pappa: _____

E-post adresse: _____

Betaling kontant: _____ Nettbank: _____